



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Velkommen til Bergen Dialogkonferansen

Idrett og friluftsliv

5. – 7. september 2017



Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommunane deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Denne gongen deltek Bergen kommune ved bymiljøetaten og idrettsseksjonen i programkomitéen. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Målgruppa for konferansen er administrativt tilsette som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar.





Deltaking på konferansen er gratis og Hordaland fylkeskommune dekker kostnaden ved overnatting for **ein deltakar frå kvar kommune, og regionale idretts- og friluftsforsamlingar**.  
Kostnad til reise t/r må dekkast av den enkelte kommune / organisasjon.

Vi overnattar på Augustin Hotel. Pris for ekstra representantar frå kommunar/organisasjonar er kr 2500,- per person for heile konferansen. Dagsseminar om spelemidlar 6. september er gratis for alle.

Ta med klede og sko etter vêr. Vi legg opp til buss og gange når vi skal flytte oss på synfaring. Særlege behov i høve mat og andre ting er fint om de informerer om ved påmelding.

Ta kontakt med Britt Karen Spjeld tlf: 55 23 91 82 / 456 66 326 / [britt.karen.spjeld@hfk.no](mailto:britt.karen.spjeld@hfk.no) eller Hanne Espe tlf 55 23 91 78 / [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no) om noko er uklårt eller de har spørsmål.

**Påmeldingsfristen er 10. august.**

Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider.

**Velkommen til aktive dagar i Bergen!**



**Mål:** Fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivasjon og inspirasjon.

**Målgruppe:** A.dministrativt tilsette og politisk ansvarlege for kultur, idrett og friluftsliv. Administrative representantar for kommuneplanlegging. Folkehelsekoordinatorar.

**Stad:** Bergen. Oppmøte: møterom Vestlandet, Fylkesbygget 1. etg. v/ hovudinngang.





# Program

Tysdag 5. september

Fylkeshuset, møterom Vestlandet

- Kl 10.00 Kulturinnslag
- Kl 10.15 Velkommen ved utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Kl 10.25 Ein aktiv og attraktiv by v/ Bergen kommune
- Om samfunnsdelen av kommuneplanen og ny idrettsplan
  - Levekårsundersøkinga
  - Sykkel i skolen og Svøm Bergen v/ Bergen kommune
- Kl 11.15 Sidan sist v/Britt Karen Spjeld, Hordaland fylkeskommune
- Kl 12.00 Lunsj i kantina
- Kl 12.45 - 17.30 Fløyen – Synfaring og informasjon v/ Bergen kommune
- Forvaltningsplan for byfjella, klatreløype, overnattingshytte, merking og gradering av turløyper, kanoutlån, teljepunkt m.m.
- Skansemyren – synfaring av nærmiljøanlegg
- Energisenter for barn og ungdom (Haukeland universitetssjukehus)
- Idrettscampus Bergen og Knutepunktet
  - Inkludering i idrett
- AdO arena – kort synfaring og informasjon
- Kl. 19.30 Middag på hotellet



## Onsdag 6. september

- Kl 09.00            Nytt anleggsregister/ Spelemidler  
Kl 12.30            Lunsj i kantina  
Kl 13.15 – 16.00    Nytt anleggsregister/ Spelemidler  
Kl 18.00            Aktiv kvar kveld!  
Camp Bergen – Strutsefarmen

## Torsdag 7. september

- Frukost    og utsjekk  
Kl. 09.00            Synfaring med buss  
Kl. 09.20            Leikvang friidrettshall  
Kl. 10.00            Åstveit – Møteplass, friidrettsanlegg, fotballanlegg og  
div. nærmiljøanlegg  
Kl. 10.30            Stemmemyren – foredrag om kunstgras  
Kl. 11.15 -12.00    Lunsj Stemmemyren  
Kl. 12.15            Fysak Slettebakken  
Kl. 13.00            Midtun skole uteareal  
Kl. 13.15            Ulsmåg  
Kl. 14.00            Vegen vidare og avslutning  
Oppsummering ved KIRU - evaluering

Takk for denne gong!

